forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Møteprotokoll STYREMØTE FNF Møre og Romsdal

Dato: **Tysdag 13. sept 2022**
Stad: **FNF sine lokaler i Idrettsvegen 1 samt nettmøte (teams)**
Kl: **1500 - 1700**

Sakliste

Møtte; Patrick Gule (Speidarane), Maria Holo Leikarnes (DNT Romsdal), Anne Berit Støyva Emblem (SF), Monica Malmedal (NJFF), Ola Fremo (FNR), Øystein Folden (NAT).

Sak 20.22 Godkjenne referat frå styremøte 7 juni 2022

Vedtak:
Styret godkjente referatet frå møtet 7 juni 2022.

Sak 21.22 Naturkampen

Vedtak:
FNF tek kontakt med Sabima om korleis prosessen med Naturkamp-besøk foregår (kommunal- eller fylkesnivå) og om det er lurt å ha ei pressemelding om temaet. FNF sender eit brev til kommunane og ber om den kommunen som ønskjer eit besøk av Sabima knytt til Naturkampen og dette opplegget, tek kontakt.

Sak 22.22 Nye typer oppdrettsanlegg

Vedtak:
FNF inviterer seg ut på det nye anlegget på Harøysundet og egget i Romsdalsfjorden.

Sak 23.22 Spelemidlane

Vedtak:
FNF sender ein uttale til dept. om spelemidlane i forkant av møtet 20. okt.. Dei ulike organisasjonane i FNF velgjer sjølv om dei vil stille opp på sjølve møtet den 20 okt.

Sak 24.22 Friluftslivssamling/-kurs

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal
Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE
Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no
orgnr 916451954 www.fnf-nett.no

Vedtak:
FNF sett ned ein programkomitee som planlegg ei Natur- og friluftslivsveke (på kveldstid) i haust – det blir køyrt ein epost runde om dette spesielt. Aktuelle tema utover tema som går inn i FNF-spleisen:

Uteleik
Statleg sikring
Friluftslivets ferdselsårer
Strandsone
Arealplan og friluftsliv

Sak 25.22 Budsjett 2022

Vedtak:
FNF tek til etterretning årets løyving frå FNF nasjonalt og ut frå dette har styret justert budsjettet for 2022 frå kr 65 400 i underskot til kr 121 000 i underskot.

Patrick Gule
Styreleiar

Ingbjørn Bredeli
FNF-koordinator